



**FJALER
KOMMUNE**



Tiltaksstrategiar i Fjaler og Askvoll i perioden 2017-2021 for spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) og nærings og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

1. Innleiing

Tiltaksstrategiane for perioden 2017 – 2021 er ein revisjon av strategidokumentet for perioden 2012 – 2016. Strategidokumentet skal danne grunnlaget for kommunen si forvaltning av økonomiske verkemiddel tildelt frå staten med basis i forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK).

Utarbeidd tiltaksstrategi er ikkje ei omfattande analyse, men gjev ei skisse over korleis kommunen vil prioritere bruken av midlane. Prioriteringane er forankra i gjeldande lovverk, sentrale/ nasjonale føringar og innspel frå næringsorganisasjonane og frå politisk hald. Søkjarane vil gjennom tiltaksstrategiane få nokre tips om kva ein kan søkje på under Smil/Skog ordninga, og få kjennskap til korleis kommunen vil prioritere søknadene til ordningane. Kommunen har informasjonsplikt overfor fylkesmannen om korleis midlane vert nytta, og at midlane vert fordelt i samsvar med den lokale tiltaksstrategien.

Fylgjande næringsorganisasjonar var inviterte til å komme med innspel:


Fjaler og Hyllestad bondelag
Hyllestad bonde og småbrukarlag (laget har også medlemmer i Fjaler)
Fjaler skogeigarlag
Politisk representant, Fjaler

Holmedal og Askvoll bondelag
Stongfjorden bondelag
Politisk representant, Askvoll

I tillegg var Fylkesmannen i Sogn og Fjordane høyringsinstans



Fjaler: Kulturbeite med Heileberget i bakgrunnen. Foto: © Oddmund R. Haugen



Askvoll: Utsikt mot vest frå Smilderstien. Foto Johannes Folkestad

2.0 Oversikt over viktige kulturlandskapselement i Askvoll og Fjaler

Askvoll kommune har eit variert kulturlandskap frå den vestlegaste busetnaden på Sandøy til dei nedlagde fjellgardane i Fossedalen. Her finn ein kulturminne frå bronsealderen (1800-500 år f. Kr.) i form av helleristningar på Leirvåg og i Staveneset, og bygningar og kulturelement som vitnar om busetnad og vekslande bruk av naturressursane frå havet til fjellet i heile denne tidsperioden. Frå nyare tid har vi gamle handelsstader som Hindøy, Sauesund, Værøyhamn og

fråflytta øyar som Tviberg der fiskarbonden levde og sette sitt preg på kulturlandskapet. I Askvoll finn ein og austlandsliknadene flatbygdnatur som har gitt grunnlag for landbruksdrift gjennom generasjonar.

Fjaler kommune har eit variert utval av kulturmark og kulturmarkstyper. Her finn ein mellom anna gravminne frå jernalder/-bronsealder, og særskildt kjent er steinkrossen, som ligg ved den gamle handelsstaden/ skipsleia Korssund. Utnyttinga av naturgrunnlaget og driftsformer i jordbruket er tilpassa både kyst og innland. Topografien frå Hellevik og vidare ut langs Dalsfjorden er småskala og oppstykkja, og utgjer ein mosaikk av små, lune viker, bergskører og verutsette knausar. Fjord- og dal landskapet i indre Fjaler har eit betre utvikla jordsmonn og ein meir variert samansett vegetasjon og oftast betre tilgang på utmarksareal enn ved kysten.

Dette skuldast m.a. topografiske variasjonar i kommunen, samt ulikskaper i berggrunn, klima og vegetasjon

Vi finn i begge kommunar fleire stader med synlege byggverk som steingjerder, kvernhus, vassdemningar og gamle ferdselsstiar som vitnar om det daglege livet i landbruket.

Nedanfor finn ein lenkjer til nettsider/ databaser som gjev informasjon om viktige kulturlandskapsområde, kulturmarkstyper og verdifullt biologisk mangfald og kulturminne i jordbruket. Databasane vert nytta i sakshandsaminga til kommunen. Sidene er også nyttige for dei som ynskjer å søkje SMIL- og NMSK-midlar, eller har interesse for kulturminne/ kulturlandskap.

Fylkesatlas: www.fylkesatlas.no
Naturbasen (DN): http://dnweb12.miljodirektoratet.no/naturbase_oppslag/
Artsdatabanken: <http://artskart.artsdatabanken.no/>
Kilden: <http://www.skogoglandskap.no/kart/kilden>

*Kilden inneheld Skog og landskap (NIJOS) sine databasar inkludert gardskart.

2.1 Oversikt over spesielle utfordringar for Askvoll og Fjaler

I møte med faglaga i Askvoll og Fjaler 20. jan 2016 vart følgjande utfordringar trekt fram:

- auka nedbør gjev meir trong for drenering, og grøftar som oftare må takast att
- mykje avrenning frå stikkrenner frå fylkes og kommunale vegar treng vidareføring vekk frå jordbruksareal
- elver som går over sine bredder og vaskar ut næringsstoff, gjev trong for elveførebygging
- mange av dagens eksisterande grøfter har for lite dimensjon med dagens nedbørsmengder
- attgroing av utmarks og innmarksareal
- gjerdehald
- svartelista arter som spreiar seg

3.0 Bruk av Smil-midlane i førre tiltaksperiode frå 2012-2016

År 2012	Tiltak	Askvoll, ramme kr 300.000	Fjaler, ramme kr 256.900
Kulturlandskap/ Beitemark	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal på gamal beitemark	kr 126.000 (42%)	87.950 (34%)
Bygningsvern	Restaurering av sjøbu, grindløe, tjæremile og gamalt grindbygg, eldhus	kr 149.000 (50%)	159.000 (62%)
Ymse	Tursti	kr 15.000 (5%)	
	Prosjekt sauen røktar kystarven, kystlynghei	Kr 10.000 (3%)	Kr 10.000 (4%)
År 2013	Tiltak	Askvoll, ramme kr 310.650	Fjaler, ramme kr 444.390
Kulturlandskap/Beitemark	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal, brenning kystlynghei	220.350 (71 %)	171.490 (38%)
Bygningsvern	Restaurering av grindløe, løe, eldhus, gamalt grindbygg mm	kr 57.8000 (19 %)	202.900 (46%)
Ymse	Forsking/anna	Kr 32.500 (10 %)	Kr 10.000 (2%)
	Elveførebygging		Kr 60.000 (13,5 %)
År 2014	Tilstand	Askvoll, ramme kr 525.500	Fjaler, ramme kr 333.300
Kulturlandskap/Beitemark	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal, bøke allé	Kr 214.100 (41 %)	141.300 (42 %)
Bygningsvern	Bygningar, stove, stabbur, sjøbu, våningshus, eldre skulebygg	Kr 194.400 (37 %)	185.750 (56 %)
Ymse	Restaurering steingard		6300 (2%)
	Tursti	117.000 (22 %)	
År 2015	Tilstand	Askvoll, ramme kr 260.000	Fjaler, ramme kr 313.500
Kulturlandskap/Beitemark	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal	170.400 (66 %)	313.500 (100%)
Bygningsvern	Restaurere smie, løe og gamal sommarfjøs	89.600 (34 %)	
År 2016	Tilstand	Askvoll, ramme kr 253800	Fjaler, ramme kr 250000
Kulturlandskap/Beitemark	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn gamal beitemark	97.500 (38,4 %)	216.600 (87%)
Bygningsvern	Vedahus, våningshus, gamal løe	145.400 (57,3 %)	33.400 (13%)
Ymse	Tur og driftsveg	10.900 (4,3 %)	
Samla 2012-2016 Kulturlandskap/Beitemark	Fjerne tre og kratt, samt gjerde inn areal mm	828.000 (50,2%)	840.840 (55,8 %)
Bygningsvern	Restaurering av sjøbu, grindløe, tjæremile og gamalt grindbygg, eldhus mm	636.200 (38,5 %)	581.050 (38,5 %)
Ymse	Anna (tursti, elveførebygging, prosjekt, steingard)	184.600 (11,2 %)	86.300 (5,7 %)

Kommentarar til tabellen: Det er skilnader frå år til år i korleis fordeling av Smil-midlane har vore når det gjeld fordelinga av tilskot til kulturlandskap og bygningar, dette heng i stor grad saman med kva for tiltak som det blir søkt om kvart år. Signala framover er at midlane innan Smil ikkje vil auke (250.000 kr i 2016 til Fjaler og same sum til Askvoll). I einssilde år har det vore inndradd midlar frå Smil prosjekt som ikkje har vorte gjennomført, og då får ein meir til fordeling, særskilt gjeld det år 2014 i Askvoll. Det har i 5 års perioden gått lite av potten til

hydrotekniske tiltak. Mengde søknader til hydrotekniske tiltak vil truleg auke når ordninga blir betre kjend blant søkjarane. Faglaga påpeikar at vatn på avvege er ein stor utfordring for Fjaler og Askvoll.

4.0 Spesielle Miljøtiltak i Landbruket (SMIL):

4.1 Sentrale føringar

Formålet for forskrifta om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket er: «Fremme natur og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket». Landbruks og matdepartementet har fastsatt fylgjande endring for forskrifta frå 1.1-2017: «Eier av landbrukseiendom kan søke om SMIL tilskudd så lenge det foregår en tilskuddsberettiget produksjon på eiendommen.»

Fylkesmannen legg vekt på at kommunane har ei prioritering og målretting av midlane som bidreg til å oppfylle regionale og nasjonale målsettingar for miljøtiltak i landbruket. Kommunen skal vidare lage målsettingar og retningslinjer for prioritering av tiltak utifrå sine lokale verdiar og utfordringar. Fylgjande punkt er trekt fram i Fylkesmannen sine forslag for retningslinjer til kommunane.

- Tiltak som kan utløyse regionale midlar frå regionalt miljøprogram (RMP) Rmp i etterkant
- Tilskot som kan utløyse andre tilskot
- Tiltak på svært verdifulle areal og bygningsmiljø område
- Tiltak med god miljøeffekt
- Fellestiltak som kan bidra til betre samarbeid og samhandling i grender med felles utfordringar
- Tiltak som medverkar til å ta vare på ressursane på eigedomen

4.2 Mål for Smil 2017-2021 i Askvoll og Fjaler

- Halde ope det særeigne kulturlandskapet gjennom skjøtselstiltak
- Ta vare på kystlyngheia som kjenneteiknar spesielt delar av Askvoll og ytre Fjaler gjennom varig skjøtsel og aktiv bruk
- Vedlikehald av eksisterande hydrotekniske tiltak som bidreg til å få kontroll på vatn på avvege
- Styrkje koplinga mellom SMIL- og RMP ordninga.
- I fjellområda kan tiltak som lettar og sikrar tilgjenge både for husdyr og menneske prioriterast. Tiltaka skal vere til nytte for beitenæringa.
- Innan bygningsvernet skal ein prioritere heilskaplege bygningsmiljø og einskildbygningar med stor verdi for det samla kulturlandskapet.
- Bidra til å styrkje busetting og næring i vårt område

4.3 Kort om ulike tiltak innan SMIL ordninga

Sjeldne naturtyper

Frå Fylkesmannen er det påpeika at kommunane må ta særskilt omsyn til naturtypane gamal slåttemark (areal som blir regelmessig slått, men ikkje oppdyrka, gjødsla eller tilsådd), inkludert lauveng og slåttemyr. Desse naturtypane har fått sin eigen nasjonale handlingsplan, der målet er å få til skjøtselplanar/ skjøtsel for å bevare desse viktige naturtypane. Smil midlane kan nyttast i ei planleggings-, investeringsfase, medan varig skjøtsel kjem inn under Miljødirektoratet si tilskotsordning for prioriterte naturtypar.

Kulturlandskap

Tiltak som fremjar skjøtsel av gamle beite- og slåttemarker/ biologisk mangfald vil verte høgt prioritert (jamfør føringar). Tiltak retta mot kulturlandskap der attgroing har kome så langt at det er få spor etter den historiske bruken, vil verte lågare prioritert enn tiltak i kulturlandskap der kontinuiteten i bruk er godt synleg. For å få god effekt av Smil midlane er det viktig at tiltaket har ein mest mogeleg varig og bærekraftig karakter. Dette inneber at aktive brukarar med gode planer framover for tiltaket vil verte høgast prioritert (eit døme her er beiterydding i kombinasjon med auka dyretal).

Hydrotekniske tiltak

Tiltak som reduserer erosjon og avrenning av næringsstoff, men som ikkje kjem under ordninga for dreneringstilskot.

Ferdsel tiltak i landskapet/ stiar

Støtte til ferdselstiltak/rydding av stiar, skal i størst mogleg grad vere til gjensidig nytte for landbruksnæringa/ ålmenta for å verte prioritert. Fellestiltak er her tenlege.

Verneverdige bygningar og kulturminne

Tiltak retta mot bygningsvern vil ha ein lågare prioritet enn skjøtselstiltak. Tiltak som kan vere aktuelt å prioritere er; i standsetting av steingarder, heilskapelege bygningsmiljø og bygningar/ kulturminne med høg historisk verdi for kulturlandskapet/ ålmenta. Ved vurdering vil særskilt bygnings-/kulturminnevern som ivareteke konstruksjon og handverksteknikkar som i dag er sjeldsynte i vårt område bli vektlagt. Også bygningar/ bygningsmiljø/ kulturminne som på ein særskilt måte formidlar historia til livet på bygdene i eldre tider vil kunne vere viktig å bevare.

4.0 Nærings- og Miljøtilskot i Skogbruket (NMSK)

4.1 Skogen i Fjaler

Ein har mange aktive skogbrukarar som saman med ein del aksjonar, og ekstra tilførsle av midlar, samt bruk av skogfond, gjer at det aller meste av avverka areal i Fjaler er tilplanta i dag. I 2015 var det rekordhøg avverking i Fjaler, med ei samla avverking av sagtømmer/ massevirke frå gran på om lag 18.700 m³. Utifrå hogstmodenheitsalder, er det venta ei sterk auke i avverking i åra som kjem. Det vert slik svært viktig å ha høg fokus på tilrettelegging for effektiv avverking, uttransport og tilplanting i perioden vi går inn i.

4.2 Skogen i Askvoll

Askvoll kommune er ein "skogreisingskommune" med eit produktivt drivverdig skogbruksareal på 31.000 daa. Skogreisninga starta i 1950-åra, og avverkinga av desse områda vil først komme om 10-15 år. Den årlege avverkinga er førebels liten og konsentrert om enkelte år fordi skogsentreprenørar gjerne samlar "oppdrag" i ein kommune. Det er naturleg at aktiviteten vil auke etter kvart som meir og meir skog vert hogstmoden. I Askvoll vil ein arbeide for å få i gang igjen aktivitet, og ha fokus på å legge til rette for vegbygging i område med hogstmoden skog.

4.3 Felles for Askvoll og Fjaler

Ein har i begge kommunane ein del attgroingsareal der det kjem opp mykje ny lauvskog. Ein del av desse areala kan med fordel stellast i form av kvisting og tynning slik at vi kan få til gode bestander med høg kvalitet. Tilskot til skogskjøtselstiltak, vil vidare krevje at ein får auka rammebevilgningar, då ein i dag nyttar om lag alle innkomne tilskotsmidlar til nyplanting. Ein vil derfor framleis signalisere at det trengst ei auke i tilskotsmidlar til skogkultur i åra som kjem.

For å betre økonomien i skogbruket skal ein arbeide for rasjonelle skogsvegløysingar og gode samarbeidsløysingar. I tillegg ynskjer ein å arbeide for utbetring og oppskrivning av Fylkeskommunale og kommunale vegar der det er mogeleg. I ny skogmelding er det vidare satsa på å få til fleire tømmerkaier, og ein bør slik arbeide for å legge til rette for at det kan etablerast ei god tømmerkai i vårt nærområdet. Reduserte transportkostnader, riktig avverkingstidspunkt, og god kjennskap til skogfundsordninga er viktig for økonomien i skogbruket. For å gjere ordninga betre kjent blant skogeigarane, vil ein forsøke å få til eit skogfondskurs i løpet av 2017-2018.

Det er verdt å merke seg at ytre delar av Askvoll og Fjaler ligg i landskapsregion 20. I denne regionen er det ikkje høve til og gje statstilskot til skogplanting. Det er også verdt å merke seg at i Askvoll og i den delen av Fjaler som tidlegare høyrde til Askvoll så kan skogbrukarane få tilskot frå Røiseth's Legat både til skogkultur og enkelte skogsvegar.

4.4 Bakgrunn og sentrale føringar

I Regionale og sentrale føringar for bruken av midlane, er det presisert at ein skal satse på å auke tal utsette skogplanter. Førebels signal gjeve frå Fylkesskogmeister T. Hofset, antyder at prioriteringane frå Fylkesmannen i hovudsak vil være uendra. Det er fleire grunnar for ein høg fokus på forynging av skogen. Statistikken syner at det mange stader i landet vert berre om lag halvparten av det avverka arealet fornya, og utviklinga har synt ein negativ trend. Skoglova § 6 pålegg skogeigar å sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, men erfaringar syner at i mange tilfelle vert dette kravet i for liten grad oppfylt.

I Stortingsmelding nr. 6, 2016, 2017, kan ein lese fylgjande: «Norges velstand er basert på bærekraftig og effektiv anvendelse av naturressurser, kapital og arbeidskraft. Både olje- og gassnæringen, skogen og vannkraften har gitt viktige bidrag til dette. Olje- og gassnæringen vil være viktig for Norge i mange år framover, men det er samtidig behov for omstilling av

økonomien for framtida». Skogen har ein dominerande rolle som CO₂bindar, og satsing på skog både som naturressurs og som del av klimaløysinga, har fått auka fokus.

Industrisamfunnet hentar ein dominerande del av råstoffet sitt frå fossile hydrokarbon i form av olje og gass. Desse ressursane er skapt gjennom millionar av år, men tek i dette perspektivet, snarleg slutt. I dag veit vi at grøn biomasse med stort truverde kan erstatte fossile hydrokarbon i så godt som alle prosessar. Dette inneber at biomasse frå skog vert eit viktig råstoff når ein skal omstille for framtida. Skogen kan bidra til framtidig sysselsetting, vekst og verdiskaping, utan vesentlege utslepp av klimagassar. Vi snakkar om ei nær framtid der høgproduktive treslag som gran vil vere viktige. Sett i lys av eit slikt scenario er den satsinga på skogen her i landet som starta med ny skoglov i 1919 gull verdt i dag, og skogsatsinga er viktig å føre vidare når ein skal omstille økonomien.

Norge har vidare til forskjell frå mange andre land, store uutnyttede skogressursar, der om lag 43% av landet er skogkledd. Ved ei betre utnytting av skogressursen, kan ein produsere ei rekke miljø- og klimavennlege produkt, samstundes som skogen kan gje eit vesentleg større bidrag til norsk økonomi enn det den gjer i dag. Satsinga, som starta med ny skoglov i 1919, gjer at skogen i dag bind om lag halvparten av det norske CO₂ utsleppet. NIBIO kallar dette «ein hyggeleg bieffekt» av skogen vår.

4.5 Mål for skog

- Innan skogbruk skal midlane brukast for og fremje næringsaktivitet og miljøgode i område der det vert drive skogbruk med følgjande tiltak:
 - Stimulere til planting av avverka areal, samt legge til rette for planting som klimatiltak
 - Stimulere til felles aksjonsretta skogtiltak og kurs for skogbrukarar, gjerne i samarbeid mellom grender og kommunar.
 - Stimulere til skjøtselstiltak, som tynning og kvisting i attgroingsbestand – særleg bjørk
 - Gjennomføre kurs for å auke kunnskapen om bruk av skogfond
 - Skaffe betre oversyn over ståande skog i kommunen i dag og dermed også trongen for nye vegløysingar og hovudplan for skogsvegar, samt tømmerkailøysing - for å ta hand om den auken i avverking som vi veit kjem med full styrke i åra som kjem.

5. Prioritering av SMIL og NMSK midlane i Askvoll og Fjaler

5.1 Prioriterte tiltak, SMIL

- Kulturlandskapstiltak skal prioriterast høgare enn bygningar og bygningselement
- Vedlikehald av eksisterande hydrotekniske tiltak for å redusere erosjon/ureining og flomsikring
- Opning av gamle tette bekkeløp, restaurering av steinsatte vannvegar
- Skjøtsel av biologiske verdfulle areal/ - naturtypar skal prioriterast høgt.
- Aktive bruk skal prioriterast høgt
- Midlane skal bidra til å styrkje busetting, næring, og trivsel i vårt område

5.2 Prioriterte tiltak, Skog

- Plante til avverka areal og legge til rette for tilplanting på anna høveleg skogareal
- Aksjonar, og kurs for å fremme skogkulturarbeidet, og Skogfondkunnskapen
- Signalisere trong for auke i midlar til skogkultur/-skjøtsel, herunder tynning og kvisting i attgroingsbestand
- Skaffe betre oversyn over ståande skog i kommunen i dag og trong for nye transport løysingar herunder, hovudplan for skogsvegar, oppskrivning av vegnett, og moglegheit for anlegg av tømmerkai.
- Sette fokus på skogen sitt potensiale som viktig element i ei berekraftig forvaltning av miljøet på jorda.

6. Tilskotssatar for prioriterte tiltak for SMIL og NMSK

Planlegging/tilretteleggingsprosjekt:	inntil	100 %
Gjerding/ tiltak i gamal kulturmark, hydrotekniske tiltak og driftevegar* ¹	inntil	50 %
Restaurering av steingardar og bakkemurar	inntil	40 %
Bygningsvern * ²	inntil	15 %
Miljøtiltak i skog:	inntil	80 %
Skogkultur:	inntil	50 %

*1 Dersom det er ledige midlar i potten, kan også tilrettelegging for turstiar vere aktuelt å gje midlar til.

* 2 Til restaureringsprosjekt med høgt kostnadsoverslag, vil det kunne vere naudsynt å nytte ein lågare tilskotssats for å kunne prioritere prosjektet. Kulturminnefondet kan vere ei alternativ finansieringskjelde til Smil ordninga for bygningsvern. Kommunen vil eventuelt vere behjelpelig med å utarbeide ein søknad til kulturminnefondet.

Forvaltning av Smil og Skog-midlane vil vere forankra i dei nye tiltaksstrategiane for 2017-2021 og i dei registrerte natur-, kultur-, og områdekvalitetar som vi finn i Askvoll og Fjaler. Men det kan også vere rom for nye tiltak og nye initiativtakarar.

7. Trong for midlar i planperioden

Midlane til SMIL ordninga har gått ned i førre planperiode, og låg på kr 250.000 til kvar av dei to kommunane i 2016. Det har vore høg aktivitet og knapt med midlar. Vi går inn i ein ny 4 års periode med ekstra fokus på hydrotekniske tiltak, og følgeleg stor trong for midlar frå Smil ordninga.

Rammetilskot for skogkultur ligg no på kr 15.000 i Askvoll og kr 90.000 i Fjaler. Når det gjeld skog går ein inn i ein periode der ei ventar sterk auke i avverking, og med påfølgjande trong for tilplanting.

Landbruksforvaltninga i kommunen vil signalisere overfor fylkesmannen at det er trong for auka tildeling av SMIL- og NMSK midlar.

8. Søknadsfrist

SMIL: 30 april kvart år. Om det er lite søknader vil ein gjennom nettsida til kommunen og andre kanalar gjere kjent at det framleis er midlar å søkje på.

NMSK: På skog tildelar ein midlar fortløpande gjennom året. Ved trong har kommunen høve til å sende førespurnad til Fylkesmannen om ei tilleggsøyving av midlar innan august.

Handsaming av søknader: Det skal fattast endeleg vedtak, om løyving eller avslag, på alle søknader som er levert innan fristen kvart år. Søknader som er levert etter fristen *kan* verte handsama om det er tilgjengelege midlar det aktuelle året. Dersom det ikkje er tilgjengelege midlar vert dei behandla i neste søknadsomgang.